

Investeringsreglement for Herøy kommune

for konseptavklaring av nye prosjekt og etterfylgjande planlegging og gjennomføring av desse.

Vedteke av Herøy kommunestyre 03.02.2022, K-12/22.

1. BAKGRUNN

Investeringsreglementet er ei oppfølging av kommunestyre, sak 99/21 I møte 15.09.2021, pkt. 4:

Kommunestyret ber om at framtidige byggeprosjekt får ei god forankring gjennom handsaming i politiske råd og utval,

og etterfylgjande orienteringssak til formannskapet 25.01.2022.

Kommunedirektøren har teke ein gjennomgang av eksisterande rutiner og prosedyrer for prosjektoppfølgning, og utarbeida eit investeringsreglement som skal avklare forholdet mellom politiske avgjersle og administrative oppgåver. Som oppfølging til investeringsreglementet blir det utarbeida ei administrativ prosjektprosedyre. Den tek føre seg prosessen frå idè til realisering, og kva krav som gjeld til dokumentasjon, systematisk rapportering, gevinstrealisering, synergieffekter og forventa måloppnåing.

Arbeid i tidleg fase vert vektlagt, og med det heilskapleg konsekvensutgreiing sett i system. Det gjer auka sikkerheit for kvalitet i prosjektstyringa, samt forenkla og tydeleggjer rapportering og styring.

Formålet er å tilrettelegge for ein prosess med tilstrekkeleg informasjon innleiingvis. Dette gjer det mogleg på tidlegast mogleg tidspunkt, før prosjektkostnadane vert for høge, å kunne endre kurs eller avvikle prosjekt som ikkje har full finansiering, har politisk forankring eller av andre årsaker ikkje vil vere føremålsteneleg å realisere.

Administrativ prosjektrutine omhandlar tidspunkt for politisk handsaming, for avgjersle til neste fase i prosessen, i hovudsak etter ei konseptskildring, etter planlegging/utforming av prosjektnotat og før gjennomføring der kravspesifikasjonar er grunnlaget for siste politiske avgjersle før igangsetjing.

Investeringsreglementet utgjer eit viktig element i den samla verksemdsstyringa og styring innanfor fastsette økonomiske rammer.

2. VIRKEOMRÅDE

Investeringsreglementet gjeld for alle investeringar i nybygg, tilbygg, påbygg og ombygging av kommunal bygningsmasse i Herøy kommune, men også for anna teknisk infrastruktur som veg, vatn og avlaup og tiltak knytt til IKT/digitalisering.

Investeringsreglementet gjeld ikkje for

- løpande forvaltning, drift og vedlikehald
- naudsynte oppgraderingar av eksisterande bygningsmasse eller utstyr, under gjeldande terskelverdi del I.


Investeringsreglementet og tilhøyrande administrativ prosjektrutine må tilpassast det konkrete prosjektet sin risiko og kompleksitet.

Det er kommunedirektøren som prosjekteigar sitt ansvar å tilsjå at den grunnleggande prosjektmetodikken vert fulgt, og at det vert dokumentert at dette er gjort.

3. KOMMUNEN SIN PROSJEKTMETODIKK

Det vert lagt til grunn at kommunale investeringsprosjekt vert gjennomført med fylgjande faseinndeling:

1. Konseptfase: Kva idéar skal utgreiast, avklare faktisk behov og velge den beste tilnærminga for eit eventuelt prosjekt.
2. Planleggingsfase: Planlegge prosjektet i detalj, etablere målsetting og utarbeide ein plan for korleis prosjektet skal gjennomførast og styrast.
3. Gjennomføringsfase: Prosjektet vert gjennomført i samsvar med plan.
4. Avslutningsfase: Prosjektet vert ferdigstilt og avslutta. oppløyst.
5. Realiseringsfase: Prosjektet vert evaluert og gevinstar, synergieffektar og kontrollert mot endra tenesteproduksjon.



Prosjektmetodikken tek utgangspunkt i Digitaliseringsdirektoratet sin "Prosjektveiviser", som er eit verktøy for overordna prosjektstyring, uavhengig av kva som skal vere dei spesifikke leveransane frå prosjektet. Prosjektveiviseren er utarbeida med omsyn til digitale prosjekt, men kan med modifisering brukast som modell for andre type prosjekt. Investeringsreglement og administrativ prosjektrutine er tilpassa og standardisert for å kunne omfamme prosjektporteføljen til Herøy kommune.

4. KRAV TIL KONSEPTFASE

Formålet med konseptskildringa er å utarbeide et grunnlag for avgjerse for å velge kva konsept som eventuelt skal vidareførast inni planleggingsfasen. Konseptskildringa skal være strukturert med fylgjande kapittel:

- Problemskildring
- Behovsanalyse
- Strategisk mål

- Vurdering av alternativ
- Føringer for forprosjekt/planleggingsfase.
-

5. KRAV TIL PLANLEGGINGSFASE

Formålet med planleggingsfasen er å sikre eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere prosjektet si usikkerheit, anbefalt kostnadsramme og gi føringer for den etterfølgande styringa av prosjektet.

Planleggingsfasen sikrar at verksemda har god forståing for arbeidet som krevjast for å gjennomføre prosjektet, før det vert teke ei avgjersle om ei betydelig investering. Planleggingsfasa startar såleis med utarbeiding og godkjenning av eit styringsdokument for det vidare prosjektarbeid:

Styringsdokument skal føreligge i starten av planleggingsfasen.

6. KRAV TIL GJENNOMFØRINGSFASE

Etter politisk godkjent plan for prosjektgjennomføring går prosjektet over i gjennomføringsfasen. Prosjektgjennomføring startar såleis ved anskaffelse av leverandørar til gjennomføring av prosjektet og avsluttast ved overlevering av prosjektet frå entreprenør til Herøy kommune som byggherre.

For prosjekt med ein estimert kostnad på over terskelverdiar i del 2 i forskrift om offentlig anskaffelse skal konkurransegrunnlag leggast fram for politisk handsaming for godkjenning av tildelingskriterier og andre grunnleggande krav til prosjektet. I gjennomføringsfasen er hovudformålet å:

- Sikre ei prosjektgjennomføring i samsvar med framdriftsplanen og gjeldande finansieringsvedtak.
- Sikre prosjektets kvalitet og byggherrens ansvar for HMS.
- Sikre ei forsvarleg overføring frå prosjekt til drift og bruk.

Gjennom etablert arbeidsgruppe skal medverknad og involvert sikrast. Vidare har prosjektleiari ansvar for relevant informasjon til offentlegheita om forhold av betydning for publikum.

7. ORGANISERING

Det er kommunestyret som bestillar tek avgjersle om initiering og gjennomføring av store investeringsprosjekt. Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med dette investeringsreglementet i regi av kommunedirektøren og tilhøyrande administrativ prosjektrutine.

Den administrative prosjektrutina skal baserast på prinsippa om ansvarsfordeling og fagfellevurdering:

Bestillar

Kommunestyret er bestillar av dei ulike investeringsprosjekt.

Eigar

Kommunedirektøren er eigar av prosjektet. Eigar har ansvar for å sikre konseptavklaring, planlegging og gjennomføring av det behovsomsom bestillinga frå kommunestyret synleggjer.

Eigar skal såleis:

- Sørge for utarbeiding av konseptskildring og anbefaling av konsept.
- Sørge for naudsynt kvalitetssikring.
- Tilrå kva alternativ som skal vidareførast frå konsept til planlegging og legg dette fram for politisk handsaming.
- Sørge for forsvarleg planlegging og gjennomføring av investeringsprosjektet.

- Sikre brukarmedverknad og involvering. Utarbeidar den delen av styringsdokumentet som gjeld skildring av behov, mål og funksjonelle krav.

Utfører

Utførerleddet er styrt av ein prosjektkoordinator og ein eller fleire prosjektleiarar som har ansvar for gjennomføring av dei prosjekt som skal gjennomførast.

- Prosjektkoordinator har hovudansvar for konsept- og planfase, og ansvar for koordinering av prosjektporteføljen, herunder hovudansvaret for prosjekt i konsept og planfase.
- Prosjektleiar har ansvar for gjennomføring av prosjekt etter vedteken plan for gjennomføring og skal:
 - Bistå prosjektkoordinator i konseptfase med utgreiing av konseptalternativ.
 - Bistå prosjektkoordinator i planleggingsfase .
 - Er ansvarleg for gjennomføring av prosjektet i samsvar med plan for gjennomføring.
 - Utarbeidar utkast til kontraktsstrategi og konkurransegrunnlag
 - Gjennomfører investeringsprosjektet
 - Utarbeidar sluttrapport for prosjektet.

Prosjektleiarens og prosjektkoordinatorens ansvar og oppgåver skal definerast i eigen stillingsskildring.

8. RAPPORTERING

Status for pågåande investeringsprosjekt skal som hovudregel rapporterast på til kommunestyret i tertialrapport. Ved større avvik skal det i tillegg rapporterast i forbindelse med ordinær månadsrapportering.

Rapportering på status skjer gjennom kommunen sitt verktøy for overordna prosjektoppfølgning, Stratsys. Samla rapport for investeringsporteføljen vert henta ut frå Stratsys og presentert i tertialrapport.

Formannskap, råd og utval kan i tillegg få orientering om enkeltprosjekt innanfor eige ansvarområde etter behov og på førespurnad.

Alle investeringsprosjekt skal utarbeide ein sluttrapport. Sluttrapporten skal skildre prosjektet, måloppnåing og oppfyljing av krav, økonomi og læringspunkt, og eventuelt andre relevante forhold, gevinstrealisering og synergieffekt.